

## Notat

**Til:** Fylkesutvalet  
**Frå:** Fylkesrådmannen

### Vedtak ved skriftleg sakshandsaming i folkevalde organ

Kommunelova<sup>1</sup> sine reglar om sakshandsaming i folkevalde organ bygger på møteprinsippet. Folkevalde organ skal handsame saker og treffe vedtak i møte. I dette ligg at vedtak skal gjerast i formelle møte, gjennomført i samsvar med visse grunnleggande reglar. Etter hovudregelen skal møte gjennomførast med fysisk nærvær av dei deltakande medlemmene.

Det er gjort unntak frå møteprinsippet i kommunelova § 30 nr. 2. Når ei sak skal avgjerast av eit anna organ enn fylkestinget, kan leiaren for organet «beslutte saken tatt opp til behandling [...] ved skriftlig saksbehandling». Leiaren i fylkesutvalet kan såleis avgjere at fylkesutvalet skal handsame ei sak ved skriftleg sakshandsaming. Dette kan likevel berre gjerast når det er påkravd å få avgjort saka før neste møte, og det enten ikkje er tid til å kalle inn til ekstraordinært møte, eller at saka ikkje er så viktig at dette må sjåast på som naudsynt. Føresegna om skriftleg sakshandsaming er såleis utforma mellom anna med sikte på hastesituasjonar.

Det er gitt nærare reglar om åtgangen til å treffe vedtak ved skriftleg sakshandsaming i forskrift om fjernmøte og skriftleg saksbehandling<sup>2</sup>. Det går fram av forskrifta § 3 at det ikkje kan gjerast vedtak i alle typar saker ved skriftleg sakshandsaming:

*Fjernmøte eller skriftlig saksbehandling kan ikke benyttes ved behandling av saker som angår en arbeidstakers tjenstlige forhold og saker med opplysninger som er underlagt lovbestemt taushetsplikt. Krever hensynet til personvern at møtet holdes for lukkede dører, bør fjernmøte eller skriftlig saksbehandling heller ikke benyttes. Det samme gjelder når hensynet til offentlige interesser tilsier at møtet holdes for lukkede dører.*

Ved skriftleg handsaming skal kopi av saksdokumenta, med forslag til vedtak, sendast samtidig til alle medlemmene i organet, jf. forskrifta § 4. I forskrifta er det dessutan fastsett at eit gyldig vedtak krev at «samtlige medlemmer gir sin tilslutning til det fremlagte forslag til vedtak, og til at dette treffes etter skriftlig saksbehandling». Av forarbeida går det fram at «samtlige medlemmer» betyr «samtlige tilgjengelige medlemmer, idet de ordinære regler om forfall og varamedlemmer må komme tilsvarende til anvendelse hvor et medlem pga. sykdom, reisefravær eller andre forhold ikke kan nås på denne måten<sup>3</sup>. Eit gyldig vedtak krev altså at alle som ikkje har meldt forfall (inkl. ev. varamedlemmer som er kalla inn) må gje si tilslutning, både til forslaget til vedtak, og til at vedtaket blir gjort etter skriftleg sakshandsaming.

<sup>1</sup> Lov 25.09.1992 nr. 107

<sup>2</sup> Forskrift 13.01.1993 nr. 4035

<sup>3</sup> NOU 1990: 13 s. 372